

**Festidalen treng fleire frivillige****21.04.2012**

**Styre, koordineringsgruppa og arbeidsgruppene i Festidalen  
var samla til arbeidsmøte på Dønhaug i dag.  
Festidalen er i rute og det er alt gjort eit solid førebuingsarbeid.  
Lars Kvamme er frivilligkoordinator**

. Til no er det registrert 70 frivillige. Det er ein godt nøgde med, men for å få alt på plass, treng ein 70 til.

140 frivillige skal nyttast til vakter, sal, severing og som vertskap bak scenen.

Dersom du har høve til å yta ein innsats som frivillig, bed festivalleiinga at du melder deg.

Alle vert kursa på denoppgåva ein får. Du må vera minst 18 år, ha pågangsmot og ha ynskje om å skapa ein framifrå rockefest i Uskedalen.

Du vert ein invitert på Frivilligfest laurdag 16. juni på Dønhaug. Alle får dagspass til ein av festivaldagane.

Det mest sentrale er at du som frivillig vert rekna med i eit sosialt samhald og at du opplever glede av å skapa noko unikt for alle musikkinteresserte i alle aldrar.

Det er laga ein eigenplakat for rekruttering av frivillige.

Send e-post til [javasCript:top.opencompose\('frivillige@festidalen.no',' ',''\)](mailto:frivillige@festidalen.no)

Tekst : KristianOlav Bringedal